

## HANDBALLGRUPPA

Styret 2003:

Leiar:	Tony Lillefosse
Nestleiar /	
Økonomiansvarleg	Atle Bøe
Kasserar:	Jarle Rønnestad
Skrivar:	Atle Vestheim
Styremedlem:	Eli Hole, Kari Hestnes og Oddvar Kleppe

Valnemnda har bestått av : Marianne Gjøstein, Mona Skrolsvik og Amund Bleiklid

Styret konstituerte seg straks etter årsmøte den 21.3. og i løpet av året har me hatt 2 styremøtar.

Kort oppsummering av året som har gått:

1. **Laga:** Vårt store ynskje på årsmøte i fjor var at me i løpet av året kunne klare å få nok oppslutning slik at me kunne få til eit handballtilbod til gutar 12 år. Etter HaFo turneringa 2003 som vart avvikla 22. – 23.2.03 kor me hadde ein overraska stor oppslutning med omlag 175 born som fordelte seg på 25 lag, fekk me utover våren og på ettersumaren når treninga byrja igjen stor pågang av born som ville spela handball. Det førte til at me fekk meldt på eit heilt nytt G 12 lag. I tillegg har med påmeldt i serien eit J 15, J 14, J12 og J11 lag. Me har og eit J 10 og G 9 – 10 lag som trenar men som ikkje er påmeldt i nokon serie. Damaelaget måtte me dessverre trekke frå bedriftsserien då me ikkje klarte å stille nok spelarar til kampane.

Me har pr. i dag 70 medlemmer. Den største medlemsauken har me i dei yngste aldersgruppene.

2. **Sportsleg:** For å betra ramma rundt laga våre vart det vedtatt på styremøte den 11.6. å opprette ei sportsnemnd. Den består no av 10 engasjerte trenarar og hjelpetreinarar. Som sportsleg leiar vart Åshill Fredriksen vald og tar seg av alt sportsleg og er bindelekk mellom styre og sportsnemnda. Me har og fått organisert kampavviklinga i Osterøy Hallen ved at tre foreldre frå kvart lag i serien tar seg av heimekampane til sine respektive born i nært samarbeid med to frå styret. Haust og vår kampane vert fordelt på foreldre gruppa og styremedlemmane.

Laga våre har og vore aktive på cupar rundt i distriktet. Me deltok med 3 lag ( J 12, 14 og 15 ) i Vårspretten som Bjørnar arrangerte. I pinshelga var J 14 og 15 på Stord for å ta del i Stord Festivalen. Månad skifte november / desember deltok G 9 laget på guteturnering i Bergen og ikkje minst så stilte me med 6 lag G12, J 10, 11, 13, 14 og 15 på julecupen. Takk til trenarar og foreldre som har stilt opp på køyring.

3. **Økonomi:** Laget står seg godt økonomisk. Formannskapet i Osterøy Kommune vedtok på møte den 17. 12 å tilføra Osterøy Aktiv midla slik at det skal vere gratis for born å trene fram til kl. 1900 på kvardagar. Vedtaket vart gjort etter framlegg frå Osterøy Aktiv. Dette vil gje lette i utgifter til halleige til for komande budsjettår. Økonomi for øvrig vedlagd økonomiplan / rapport.

4. **Vakthald:** Me har betalt vakthald i Osterøyhallen måndagar frå 19 – 20 og torsdagar frå 1915 – 2200. Dette inngår som dugnadsinnsats i budsjettet.
5. **Visjonar:** Skal handballgruppa bli ei livskraftig gruppe må me klare å rekruttere born frå alle bygder på Osterøy. For å klare dette må handballen ut til skulane slik at handballen vert ein naturleg positiv aktivitet for borna i deira nærmiljø. Det kan me klare ved å bygge vidare på HaFo konseptet som no er kjend for *alle* skuleborn frå 3. – 7. klasse. Me må møte komande handballborn tidleg i skulepliktig alder i deira nærmiljø slik at HaFo konseptet er kjend når dei deltek på sin fyrste turnering i Osterøyhallen på Hatland frå 3. klasse.

## SKIGRUPPA

Med i styret 2003:

Øyvind Litland	leiar	valgt for 2003
Rune Hestnes	nestleiar	valgt for 2002/2003
Bernt Johan Flæsland	kasserar	valgt for 2003/2004
Øivind Aasheim	oppmann	valgt for 2002/2003
Arvid Rolland	ansvar maskiner/løype	valgt for 2002/2003
Torstein Mjelde	ansvar hytte/løype	valgt for 2002/2003
Johnny Mostrau	ansvar data/tidtaking	valgt for 2003/2004
Johann Aasheim	varamedlem	valgt for 2003

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 25 saker.

## REKRUTTERING

Skigruppa har 140 medlemmer. Me har også i 2003 hatt dei tradisjonelle samlingane. Ei barmarksamling på Mjølfjell og ei snøsamling på Geilo med god deltaking og godt utbytte for alle som var med.

Ellers er det fellestrening frå medio august for aldersgruppa 8-15 år 3 gonger i veka med særdeles god deltaking.

Skigruppa er også med i eit prosjekt, " Ung I Sporet", gjennom Norges Skiforbund. Johnny Mostrau er den som fylgjer opp dette.

Trenarar i 2003 har vore: Øivind Aasheim, Stian Mjelde, Johnny Mostrau og Øyvind Litland, med god hjelp av ivrige foreldre.

## RESULTATER

Skigruppa har hatt deltakarar på Norges Cup- renn og NM for juniorer ved Richard Hestnes og Stian Mjelde. På hovudlandsrennet for 15 åringar deltok Stian Aasheim.

Ellers hevdar våre løparar seg godt i kretssamanheng med ca 300 startar i 2003.

I lysløypekarusellen var det "innom" 130 løparar på dei 3 renna me skipa til. Dette lovar godt for rekrutteringa. Mange av desse ser ein att på trening og renn neste år.

Premieutdelinga etter karusellen hadde me i lysløypa ein fin aprilkveld med grilling og anna moro.